

## **Kva kan du bygge utan å søke kommunen om lov?**

### *Mindre bygning*

Mindre frittliggende bygning t.d leikestugu, reidskapsbod, hobbyverkstad som ikkje vert brukt til å bu i, mønehøgde maks 3,0 m og gesimshøyde maks 2,5 m. Samla bruksareal eller bebygd areal maks 15 m<sup>2</sup>. Avstanden til anna bygning skal ikkje vera mindre enn 1,0 m og avstanden til nabogrense ikkje mindre enn 4,0 m. (NB: Slike tiltak må likevel ikkje vera i strid med planbestemmelsane for området. Om det i plan t.d. er sett vilkår om maksimalt eitt bygg på eigedomen så gjeld ikkje unntaket om saksbehandling for uthus.)

### *Levegg*

med maksimal høgde på 1,8 m og maksimal lengde på 10,0 m. Hugs at avstanden til nabogrense ikkje kan vera mindre enn 4,0 m.

### *Terrasse*

Du kan bygge en terrasse på bakken, som ikkje er til hinder for bruken av området til vandring, leik og anna bruk og som ikkje stikk meir enn 0,5 m over gjennomsnittleg bakkenivå. Avstanden til nabogrense kan ikkje vera kortare enn 4,0m.

### *Innhegning mot veg*

Enkle, lette konstruksjonar som flettverksgjerde og andre gjerde som ikkje er tette, mot veg. Innhegninga kan maks vera 1,5 m høg og må ikkje hindre sikt langs vegen frå innkøyring til gardsplass, gangsti eller liknande.

### *Gjerde mot nabo*

Gjerde mellom naboar vert regulert i lov om grannegjerde (Grannegjerdelova). Det er fyrst når eit gjerde blir stort og tett at det er ein konstruksjon som er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Du må altså søke kommunen om lov til å seta levegg eller støyskjerm i nabogrensa.

### *Forstøtningsmur*

på inntil 1,0 m i høyde, minst 2,0 m fra nabogrensa og forstøtningsmur på inntil 1,5 m i høgde minst 4,0 m frå nabogrensa. Forstøtningsmuren må ikkje hindre sikten i frisisiktsoner mot veg, altså i samband med avkøyring frå veg, gardsplass og gang- og sykkestigar.

### *Antenne / Parabolantenne*

Mindre antennesystem som antennemast med maks høgde 2,0 m eller parabolantenne med maks diameter på 1,2 m .

### *Utepeis*

Treng ikkje søke om løyve.

### *Campingvogn og vinteropplag av båt*

Du kan fritt ha campingvogna di stående på bustad- eller hytteeigedomen din om vinteren.

### *Ikkje-berande vegg*

Du kan fritt flytte rundt på lettveggane i huset ditt, dersom dette ikke medfører endringar på våtrom. Våtromsarbeid som grip inn i fuktskille, t.d. membran, er søknadspliktige. Det er og søknadspliktig å ta i bruk bodar, garasjar og liknande til soverom, stugu og andre andre typer rom som er meint for varig opphald.

Du kan installere, endre og reparere enkle installasjoner i huset ditt, leiligheten din eller på hytta di, utan å søke kommunen. Dette kan t.d vera utskifting eller installering av dusjkabinett, kjøkkenventilator eller enkel varmpumpe.

*Installasjon av ny ildstad* er unntatt fra søknadsplikt dersom det er sikra kvalifisert kontroll t.d. av murar med sentral godkjenning eller brannvesen.

### **Søknadspliktige tiltak:**

Søknad utan ansvarsrett er ein forenkla søknad der tiltakshavar (byggherre) sjølv står ansvarleg for at tiltaket oppfyller alle krav som er gitt med heimel i plan- og bygningslova. Dei vanlegaste tiltaka er uthus/garasje, tilbygg og driftsbygningar i landbruket.

### **Søknadspliktige tiltak med ansvarsrett:**

Dei tiltaka som ikkje er nemnde over skal behandlast som søknad - normalt via eit godkjent føretak (ansvarleg søkjar). Det vil seie at du må engasjere eit godkjent firma til å søke for deg. For føretak som ikkje har sentral godkjenning må det søkjast om lokal godkjenning. Søknad skal ikkje sendast kommunen før nabofrist er ute og ev. merknadar er kommentert.

Nettstaden [www.byggsok.no](http://www.byggsok.no) gir god informasjon om reglane og der finn du aktuelle skjema du treng.